

Årsmelding for Forum Gris Rogaland 2010.

Styret i arbeidsåret har vært:

Formann: Wenche H. Erga
Nestformann: Magnar Fjellheim
Styremedlem: Leiv Kristian Skrettingland
Styremedlem: Hanne Våland
1 Varamann: Magnar Møller
2 Varamann: Tommy T. Skretting

Verv utanom styret:

Sekretær og kasserer: Tønnes Garborg
Rekneskapsfører: Jærøk v/Jonas Varhaug
Revisor: Bjørn Høyland

Valnemnd: Magnus Folkvord
Halvard Garpestad
Lars Oftedal

Året 2010 har vært eit aktivt år. Det er avholdt 7 styremøter i år og behandla 49 saker. Der er 99 medlemmer Pr 1/1-2011, det er 3 mindre enn året før. Nokon har slutta med gris men så har me fått nokon få nye.

Forum Gris var representert med Wenche H. Erga på årsmøte til Norsvin sentralt og på regionsamlinga Norsvin Rogaland.

Magnar Fjellheim og Leiv Kristian Skrettingland var på Norsvin sitt foringsseminar på Hamar i mai.

Det er tatt ut mange forprøver og det har vært dårlege resultat, det viser at det er viktigare enn nokon gong å ta ut forprøver.

Me har fått både Felleskjøpet og Fiskå Mølle med på utprøving av eit nytt Forum Gris smågisfor. Det er under utprøving nå og resultatet av det vil være klart i feb. mars.

Me har sendt ut informasjon og invitasjon til dei fleste svineprodusentar i Rogaland om å bli med i Forum Gris.

I året som var hadde me berre 1 besøksrunde, me gjekk ut med at Forum Gris sponsa kvart besøk med 1000 kr. Det var skuffande liten respons på det, slik at det var berre Erik Jensen som hadde nok besøk til at det kunne gjennomførast.

Forum Gris hadde stand på Agrovisjon i lag med Forum Ku. Det var eit svært vellukka arrangement. Me følte me fekk igjen for å væra der og synligjera oss. Økonomien i laget er nå svært god, takket være godt salg av Forum Gris kraftfor, men også innredningssalget har vært godt i 2010.

Me vil takka våre sponsorer som støtter oss med 20000 kr kvar.(Fatland,Prima, Nortura, FKRA og Fiskå Mølle)

Me må også få takka Freddei Helgsen for hans innsats for Forum Gris, trass hans elles så turbulente år. Også ein takk til Erik Jensen for hans utrettelige innsats for grisens beste.

Det blei også i år arrangert Julebord på Kvalbein den 4/12-2010, men med litt mindre oppslutning enn tidligere år. Rekner med at agromek i Danmark som blei arrangert sammtidig var noko av årsaka. Men det var god stemning og eit vellukka arrangement, så ein stor takk til Fiskå Mølle-Fatland-Reime Agri og AK maskiner som tok alle kostnader med det.

Der blei berre 1 Plenumsmøte på Orre den 28/10-2010 dette året.

Der Ådne Olsen frå AC senteret snakka om luft-vann oppvarming i grishus.

Freddie Helgsen tok for seg cerco virus og vaksinerings.

Erik Jensen snakka om kraftforet og kraftforkvaliteten.

Der ligg også meir informasjon på Forum Gris si innternettside om forpriser med kurver på prisutviklinga og prisforskjellane mellom levråndørane.

Skjema til forprøver og informasjon om uttaking ligg også der.

Forum Gris Rogaland

Leder

Wenche H. Erga